

Når eleven krenkar læraren

Førsteamanuensisintervjua 14 lærarar som var utsette for vald og trakassering frå elevar. Han var overraska over kor hardt det råka dei – både profesjonelt og personleg.

Førsteamanuensis Børge Skåland ved Høgskolen i Oslo og Akershus, Institutt for yrkesfaglærerutdanning, har i den ferske doktorgradsavhandlinga si intervjua 14 lærarar som har opplevd truslar eller fysisk vald frå elevar.

Slått, sparka og trakassert

Dette er lærarar og lektorar som blir slått ned og sparka, løfta opp og hengde på ein knagg, trakassert på nettet, eller utsette for trugsmål av typen: «Det kjem til å skje deg noko om du ikkje gir meg ståkarakter», eller «møter eg deg utanfor skulen, skal eg sørge for at du hamnar på sjukehus».

Primitiv reaksjon

Han vart nyfiken på temaet den gongen han sjølv opplevde at ein annan lærar vart utsett

for vald, og den primitive reaksjonen han fekk som kollega:

– Det var underleg å sjå korleis eg nærast på refleks degraderte kollegaen min for ikkje å takle eleven sin. Og at eg tenkte at dette ikkje ville ha skjedd med meg, for eg har kontroll, fortel han.

Han vart såpass nysgjerrig på dette fenomenet at han starta å undersøke fleire hendingar der lærarar hadde opplevd vald og trakassering frå elevar. I doktorgradsavhandlinga har han intervjua 14 lærarar, både kvinnelege og mannlege, som jobba i grunnskular og på vidaregåande skular.

Svikta og isolert

– Eit av hovudfunna er kor hardt dette kan slå ut for dei som vert utsette for slike alvor-

lege hendingar. Og at det råkar både det profesjonelle livet og privatlivet, fortel han.

Nokre av dei lærarane som opplever vald eller krenkingar frå elevar, søker seg til andre skular, dei blir uføretrygda, tek permisjon eller sluttar tidlegare enn pensjonsalderen. Nokre søker også heilt andre jobbar. Skåland synest også det var påfallande kor mange som følte seg svikta og isolerte av omgjevnadane.

– Dét er eit gjennomgåande funn i intervju; at dei føler seg svikta av leiar, tillitsvalde, kollegaer og fagforeining. Lærarane som har opplevd krenkande atferd frå elevar, må ofte til utanforståande aktørar som fastlege eller lovkyndige personar som politi eller advokat for å finne støtte, seier han. Skåland meiner leiarar og kollegaer må bli betre til å slå ring om lærarar når slike hendingar skjer.



Mange av lærarane som opplever vald eller krenkingar frå elevar, føler seg svikta og isolerte.

Lovlaus arena

Han synest det er underleg at skulen nærast er ein lovlaus arena når elevlar utfører vald eller alvorlege krenkingar mot ein lærar.

Fleire i materialet til Skåland peika på at dei opplevde å bli motarbeidde når dei ønskte å melde hendingane til politiet. Omsynet til eleven var viktigare, og hendingane skulle helst teiast i hel.

– Når slike valdsepisodar eller krenkingar skjer, er det tabu å snakke om det i skulekvardagen, fortel han, og legg til at det ligg som eit grunnleggjande premiss i læraryrket at du skal ha kontroll i skulekvardagen.

– Då høyrer du til i lærarklubben. Bryt du med denne norma, kan du oppleve avvising i staden for støtte, seier han vidare.

Meir kunnskap og betre rutinar

Børge Skåland meiner det må bli meir openheit rundt denne problematikken i skulen. Korleis ein taklar krenkande elevatferd må bli ein del av leiarutdanninga i skulen. Han meiner også at lærarstudentar må vere klar over at skulekvardagen kan vere brutal, og at dei gjennom utdanninga må få lære korleis dette bør handterast.

– Skulane må opparbeide seg meir kunnskap om kva dette gjer med dei som vert utsette for det, og ein må få langt betre rutinar for korleis vald og krenkingar skal handterast på skulen, avsluttar han.



Børge Skåland, *The experience of student-to-teacher violation. A phenomenological study on Norwegian teachers being violated by students*, doktorgradsavhandling ved NTNU.

Vald og truslar råkar 200 000 årleg

Stadig fleire arbeidstakarar i Noreg vert utsette for vald og truslar gjennom arbeidet sitt. Jobbar i skule og barnehage er blant dei mest utsette yrka.

Førekkomsten av vald og truslar i det norske arbeidslivet har ifølgje levekårsundersøkingar variert mellom fire og seks prosent i perioden frå 1989 til 2006, men det auka til 7,5 prosent i 2013. Dette viser *Faktabok om arbeidsmiljø og -helse 2015* frå Nasjonal overvaking av arbeidsmiljø og -helse. Det vil seie at rundt 200 000 arbeidstakarar kvart år vert utsette for vald eller truslar i samband med jobben sin. Meir enn dobbelt så mange kvinner som menn rapporterer at dei vert utsette for vald og truslar, og det er kvinner under 25 år som oftast rapporterer om slike hendingar. Ei mogeleg årsak er at det er fleire kvinner enn menn som arbeider i bransjar der vald og truslar er meir hyppig førekommande.

Dei mest utsette yrka er:

- Helserelaterte yrke som vernepleiar, sosialarbeidar, pleie- og omsorgsarbeidar og sjukepleiar
- Politi, vakter og liknande
- Yrke innan barnehage og undervisning: grunnskulelærar, barnehage- og skuleassistent og førskulelærar
- Leiarar innan utdanning, helse og tenesteyting

Dersom vi ser berre på truslar, er også legar, servitørar, sakshandsamarar og rådgjevarar innan administrasjon, samfunnsvitskap og juss blant dei mest utsette.

I bransjar der vald og truslar er ein del av kvardagen, er arbeidstakarane ofte kjende med farane og har trening i å handtere dei. Mange av desse lét dermed vere å rapportere til arbeidsgjevar fordi dei ser det som ein påreknleg del av arbeidskvardagen. Det kan dessutan vere usikkerheit om kva hendingar ein bør sjå på som eit «avvik» og dermed registrere. Arbeidstakarar som ikkje har klart å forhindre ei hending kan også få skuldkjensle og unnlåte å rapportere hendinga av den grunn.



Marianne L. Pedersen
Juridisk rådgiver
mlp@norsklektorlag.no

Vold og trusler på jobben

Å bli utsatt for vold eller trusler er alvorlig for den som rammes. Vold og trusler må derfor behandles som et arbeidsmiljøproblem som angår hele virksomheten. Hverken arbeidsgiver eller arbeidstaker skal akseptere slike handlinger.

Arbeidsgiver må erkjenne at vold og trusler er et relevant og viktig arbeidsmiljøproblem, også i skolesektoren. Ifølge Arbeidstilsynet er skolesektoren en av de mest utsatte næringene når det gjelder vold og trusler. Det er også verdt å nevne at lovgiver har erkjent at undervisningspersonell, er en yrkesgruppe som er særlig utsatt for vold og trusler. Dette har kommet til uttrykk ved at undervisningspersonell sammen med blant annet helsepersonell, har fått et særskilt vern i Straffeloven. En som ved trusler eller vold søker å påvirke yrkesutøvelsen til en lærer, vil kunne bli straffet med bot eller fengsel inntil 2 år for trusler eller inntil 3 år for vold.

Rektors ansvar

Rektor har som arbeidsgiver et overordnet ansvar for de ansattes arbeidsmiljø. Ifølge Arbeidsmiljøloven skal arbeidstaker, så langt det er mulig, beskyttes mot vold, trusler og uheldige belastninger som følge av kontakt med andre, jfr. lovens § 4-3. Dette gjelder ikke bare kontakt med kolleger, men også andre som arbeidstaker naturlig har kontakt med via sitt arbeid. I skolen vil det typisk kunne være elever. Det er vanskelig å gi et fasitsvar på hva rektor plikter å gjøre konkret for å beskytte de ansatte. Dette må blant annet vurderes ut fra hvor stor risikoen for vold og trusler er.

Nye HMS-krav

- Arbeidsgiver har et ansvar for å forebygge at ansatte kan bli utsatt for vold og trusler. Forebygging kan skje via det systematiske HMS-arbeidet. HMS-arbeidet er utdypet i nye bestemmelser i forskrift om utførelse av arbeid. Disse trådte i kraft 1. januar i år. De nye bestemmelsene stiller blant annet krav om at:
- Arbeidsgiver skal kartlegge forhold ved arbeidssituasjonen som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold og trussel om vold.
- Arbeidstakerne skal få nødvendig opplæring i forebygging og håndtering av volds- og truselsituasjoner. Arbeidsgiver skal sørge for at opplæring og øvelse gjentas ved behov.
- Arbeidstakerne og deres tillitsvalgte skal få nødvendig informasjon blant annet om hvilke rutiner som er satt i verk for å forebygge, håndtere og følge opp vold- og truselsituasjoner.
- Arbeidstakerne skal gis informasjon om rutiner for varsling og rapportering av vold og trussel om vold.
- Arbeidsgiver skal iverksette nødvendige tiltak på bakgrunn av de helse- og sikkerhetsrisikoer som fremgår av risikovurderingen, og skal sørge for at risiko for vold og trussel så langt som mulig fjernes eller reduseres. Ved gjennomføringen av tiltak

skal det blant annet tas hensyn til muligheter for tilkalling av hjelp og bemanning, herunder bruk av alenearbeid.

- Arbeidsgiver skal følge opp de ansatte som blir utsatt for vold og trusler på en god måte i ettertid. Det siste innebærer at arbeidstaker som er utsatt for vold og trussel skal få nødvendig oppfølging, både med hensyn til den fysiske og den psykiske belastningen som hendelsen kan ha medført.

Hva er vold og trusler?

For at kartleggingen skal kunne fange opp alle de volds- og trusselrelaterte belastningene som arbeidstakerne kan utsettes for, er det viktig at arbeidsgiver og arbeidstakerne er enige om hva som inngår i begrepene vold og trusler.

Vold og trusler er ikke definert i loven, men Arbeidstilsynet har disse definisjonene:

- Vold og trusler er hendelser hvor arbeidstakere blir fysisk eller verbalt angrepet i situasjoner som har forbindelse med deres arbeid, og som innebærer en åpenlys eller antydningstrussel mot deres sikkerhet, helse eller velvære.
- Trusler er verbale angrep eller handlinger som tar sikte på å skade eller skremme en person.

– Vold er enhver handling som har til hensikt å føre til fysisk eller psykisk skade på person. Det kan også defineres som vold når arbeidstakere opplever utagerende handlinger hvor det utøves stort skadeverk på inventar og utstyr.

Arbeidsgiver skal også sørge for at arbeidstaker gjøres kjent med ulykkes- og helsefarer som kan være forbundet med arbeidet, og at arbeidstaker får den opplæring, øvelse og instruksjon som er nødvendig, jfr. Arbeidsmiljøloven § 3-2.

Alt skal registreres

Ifølge Arbeidsmiljøloven § 5-1 skal arbeidsgiver sørge for en registrering av alle personskader som oppstår under utførelse av arbeid. Dette registeret skal være tilgjengelig for verneombudet, arbeidsmiljøutvalget, bedriftshelsetjenesten og Arbeidstilsynet. Arbeidsgiver har i tillegg plikt til å varsle Arbeidstilsynet og nærmeste politimyndighet når «det skjer en ulykke i forbindelse med arbeid eller på arbeidsplassen der en arbeidstaker blir alvorlig skadet eller dør», jfr. Arbeidsmiljøloven § 5-2. Ifølge Arbeidstilsynet gjelder denne varslings- og meldeplikten også for volds- og trusselhendelser som medfører alvorlig fysisk og psykisk skade. Arbeidstilsynet har definert «alvorlig skade» som «enhver skade, fysisk eller psykisk, som medfører varig eller lengre tids arbeidsudyktighet». Melde- og varslingsplikten gjelder selv om skaden først på et senere tidspunkt

viser seg å være mer alvorlig enn først antatt. For eksempel hvis skaden har gitt psykiske ettervirkninger.

Varselet skal bekreftes skriftlig av arbeidsgiver, og verneombudet skal ha kopi av bekreftelsen. Varslings- og meldeplikten bidrar til en synliggjøring av problemet og omfanget. I tillegg fører det til at politiet blir gjort oppmerksom på at det har skjedd et straffbart forhold, selv om forholdet ikke blir politianmeldt. Påtalemyndigheten kan deretter velge å etterforske og ta ut siktelse, selv om det ikke foreligger en anmeldelse fra fornærmede, jfr. straffeprosessloven § 62a.

En som er blitt utsatt for vold eller trusler vil ofte oppleve det som en ekstra belastning å politianmelde et forhold. Slik sett vil bestemmelsen i § 5-2 om varslings- og meldeplikten bidra til å avlaste den enkelte, samtidig som forholdet vil kunne bli straffeforfulgt. Det er i utgangspunktet den fornærmede som selv skal politianmelde saken. I skolen bør det være nulltoleranse for vold og trusler. Arbeidsgiver bør derfor i alle tilfeller hvor en elev har utført en volds- eller trusselhandling, mot enten en lærer eller en annen elev, politianmelde forholdet. Dette gjelder selv om eleven er under straffbar alder, altså under 15 år. Ifølge Politidirektoratet (påtaleinstruksen § 7-4) har politiet plikt til å etterforske saker der gjerningspersonene er mellom 12 og 15 år. Det kan også foretas etterforskning når et barn

som ikke har fylt 12 år, har begått en ellers straffbar handling.

Elever bør kjenne konsekvensene

Elever og foresatte bør bli informert om mulige konsekvenser av trusler og voldsbruk. Norsk Lektorlag er kjent med at enkelte skoler har en bestemmelse i sitt ordensreglement om at slike handlinger kan føre til at skolen anmelder forholdet til politiet. En slik bestemmelse er selvsagt ikke et vilkår for at et forhold politianmeldes av skolen, men virker forpliktende for skolen som arbeidsgiver og er uansett et viktig signal til eleven om at slike handlinger ikke aksepteres.

- En som ved trusler eller vold søker å påvirke yrkesutøvelsen til en lærer, vil kunne bli straffet med bot eller fengsel inntil 2 år for trusler eller inntil 3 år for vold.

Foto: iStock

